

LINDÅS KOMMUNE
KVERNHUSMYRANE 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering:	
8 - 04, 2015	
Ark. saksnr 14/570	Løpenr
Saksnr.	Tilgangskode

Dato: 30.03.2015
Vår ref.: 2015/3734-1
Saksbehandlar: frahalh
Dykkar ref.:

Takk for innsatsen de gjer for ungdommen i Hordaland


For innsatsen dei gjer for ungdommen blei lærebedriftene i Hordaland heidra som «Årets hordalending» 2014. Eg vil gje både opplæringskontor og lærebedrifter ein stor takk for den innsatsen de gjer for ungdommar som er på veg inn i dei voksnes rekker og inn i arbeidslivet.

Regiondirektør Tom Knudsen i NHO Hordaland og distriktssekretær Roger Pilskog i LO Hordaland tok imot prisen ved utdelinga på Nyårsmøtet i fylket.

Læretida er kanskje den første jobben mange ungdommar har og dermed det første møte med arbeidslivet. Det å gje ungdom muligheita til å samstundes få ein utdanning som førar til fag- eller sveinebrev gjer dei betre rusta til å kome inn i arbeidsmarknaden. OECDs indikatorrapport «Education at a Glance 2013» viser til at arbeidsledigheten for dei med fag- eller sveinebrev er på bare 1,8 prosent, for dei med studiekompetanse som høgaste utdanning er talet 3,5 prosent.

Det er viktig å ha eit godt samarbeid mellom partane i arbeidslivet, særleg viktig er det med eit godt samarbeid mellom skule/skuleeigar og arbeidsliv. Gjennom å ha eit godt samarbeid mellom skule og arbeidsliv har bedrifter betre muligheit til å rekruttere riktige kandidatar og gje desse ein innføring i fag før dei vel fag og søker læreplass. For skulane er det viktig med god kontakt med arbeidsliv for å få elevar ut i praksis, men og for å få tilbakemelding om kva som er viktig å lære ungdommen før dei kjem ut i lære.

Vi i Hordaland Fylkeskommune takkar for innsatsen hittil og ser fram til eit godt samarbeid i framtida. Det er ungdommen som er i lære i dag som skal bli framtidas kollega, derfor er det arbeidet de gjer ein av dei viktigaste i samfunnet for å sikre kvalifisert arbeidskraft til framtidas oppgåver.



Tom-Christer Nilsen

Fylkesordførar i Hordaland